

## Vedtekter for næringsfondet/konsesjonskraftfondet

I «avtale om disponering av konsesjonskraft» av 09.12.2009, finn ein føringar for avsetjing til fond. Partar i avtala er Telemark fylkeskommune, Fyresdal kommune, Hjartdal kommune, Kviteseid kommune, Nissedal kommune, Seljord kommune, Tinn kommune, Tokke kommune og Vinje kommune.

Avtalas punkt. 4.1. omhandlar fondsstruktur. Av den går det fram at oppnådd gevinst av forvaltinga etter avtalas punkt 2.2 B skal avsetjast til fond etter følgjande fordeling:

- Oppnådd gevinst av 112,5 GWh skal tilførast kommunale næringsfond.
- Fordelinga til kommunale næringsfond skjer i høve til konsesjonskraftmengda som utbyggingane i vedkomande kommune gjev utover den mengda som dekkjer forbruket i egen kommune.
- Gevinsten utover det som blir tilført kommunale næringsfond skal setjast av til eit utviklingsfond for Telemark (Telemark utviklingsfond).
- Alle kostnadene ved administrasjonen av konsesjonskrafta skal fordelast i samsvar med den høvesvise fordelinga av dei verdiane som blir tilført dei kommunale næringsfonda og Telemark utviklingsfond.

Punkt 4.3 i avtale omhandlar dei kommunale næringsfonda:

4.3.3. Dei kommunale næringsfonda har som oppgåve å forvalte dei midlane som blir tilført fonda på grunnlag av denne avtala, jf. Punkt 4.1.

4.3.4 Fonda skal nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og tryggje busetnaden i dei einskilde kommunane.

4.3.5 Dei 8 kommunane som er partar i denne avtala utarbeider felles vedtekter for dei kommunale næringsfonda.

Kommunestyret i dei kommunane som er part i avtala har vedteke følgjande felles vedtekter:

### § 1 Forvaltning og delegasjon

Næringsfondsmidlane kjem frå inntekter frå sal av konsesjonskraft gjennom «Avtale om disponering av konsesjonskraft». Avtalepartane er Tinn, Hjartdal, Vest-Telemarkkommunane og fylkeskommunen. Kommunestyret i kvar kommune fastsett korleis midlane skal forvaltast.

## § 2 Føremål, prioritering og avgrensingar

Næringsfondsmidlane kan nyttast til tiltak som kan fremje næringslivet og trygge busetnaden i kommunen. Dette omfattar tiltak m.a. tilskots- og investeringsmidlar til viktige fellesoppgåver som felles utviklingsprosjekt, investeringar knytt til næring, stadutvikling og busetting og fellestiltak for næringslivet/lokalsamfunnet.

## § 3 Godkjenning av vedtekter

Det enkelte kommunestyre, som er part i «avtale om disponering av konsesjonskraft» og har overskytande kraft, godkjenner vedtekter for sitt næringsfond. Dersom kommunane ikkje gjer likelydande vedtak må saka opp til ny handsaming.



.....  
Erik Skjervagen  
Ordfører, Fyresdal kommune



.....  
Bengt Halvard Odden  
Ordfører, Hjartdal kommune



.....  
Tarjei Gjelstad  
Ordfører, Kviteseid kommune



.....  
Halvor Homme  
Ordfører, Nissedal kommune



.....  
Halfdan Haugan  
Ordfører, Seljord kommune



.....  
Bjørn Sverre Birkeland  
Ordfører, Tinn kommune



.....  
Jarand Felland  
Ordfører, Tokke kommune



.....  
Jon Rikard Kleven  
Ordfører, Vinje kommune